

Fylkesmannen I Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2968 - 17/7138

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
02.03.2017

Ber om avklaring på mynde i forureinings sak - gbnr 108/88 Lindås

Lindås kommune har sidan i sommar mottatt fleire meldingar om mogleg forureining frå verksemda Goman Rognaldsen AS på gbnr 108/88 Lindås. Meldingane gjeld forureining av feitt på sjø og støy frå verksemda. Kommunen var på synfaring ved verksemda 23.09.2016. Sak vedkomande støy vert følgd opp av Lindås kommune.

I november vart det tatt prøvar i sjøen utanfor Goman Rognaldsen AS sitt bakeri. Prøvane viser at det er fett. Meir informasjon om dette kan ettersendast om ønskeleg.

Lindås kommune viser til vårt brev datert 05.10.2016, der vi ba Fylkesmannen i Hordaland om avklaring av kven som er rett mynde etter forureiningslova i forhold til oppfølging av mogeleg forureining frå bakeriet.

I svar frå dykk i brev datert 14.10.2016 er det mellom anna vist til at «Fylkesmannen er forureiningsmynde for einskilde næringsmiddelverksemder, men vi har ikkje fått delegert mynde for regulering av bakeriverksemder.». På bakgrunn av dette meiner de då at Lindås kommune var rett mynde etter forureiningsforskrifta.

Lindås kommune viser til rundskriv datert 21.11.2012, der det går fram at Fylkesmannen sin myndighet mellom anna gjeld «Næringsmiddelindustri: Produksjon av fast og flytende føde for konsumering inkludert produksjon av farmasøytiske råvarer og preparater, fiskeoljebedrifter og trandamperier som ikke er knyttet til fiskeforedlingsanlegg».

Lenke til rundskrivet: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-3-12-forurensningslov-oreigningslov/id708382/>

På bakgrunn av dette ber Lindås kommune om avklaring på om Fylkesmannen fortsatt meiner at det er kommunen som er rett mynde til å følgje opp saka, jf. Dykkar brev datert 14.10.2016.

Vi ber om tilbakemelding innan 15.03.2017.

Med helsing



Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Førespurnad om mynde i mogleg forureiningssak - gbnr 108/88 Lindås
Oppsummering etter synfaring 23.09.2016 - gbnr 108/88 Lindås
Avklaring av mynde - mogeleg forureining - gbnr 108/88 Lindås
Svar på førespurnad om mynde – Lindås kommune - Goman Rognaldsen AS

Mottakarar:

Fylkesmannen I Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN